

## **CES-prosjektet (overvåkingsfangst) Sunnmøre RG , 2008-2010.**

**Kjell Mork Soot, Stian Moldskred og Bjarte Røyset**

**Innleiing:** CES (Constant Effort Sites) - prosjektet såg dagens lys i Storbritannia i 1981. I dag har britane om lag 120 lokalitetar tilknytte dette prosjektet. Dei fleste landa i Europa er no komne i gang med denne form for overvaking, som Alf Tore Mjøs ved Ringmerkingssentralen ubeskjedent kallar "Nordens beste overvåkingsprosjekt for fugl".

Våren 2008, 27 år etter starten i Storbritannia, lanserte Ringmerkingssentralen dette prosjektet for Noreg, og håpet var at enkelte grupper kunne kome i gang allereie same vår. Metodikken er velprøvd; det er fangst og ringmerking på faste plassar i hekketida, i Noreg i mai, juni, juli og august med i alt 12 fangstperiodar, tre i kvar månad. Kvar ti-dagarsperiode skal gi viktig informasjon om korleis utviklinga er, og kvifor mange småfuglartar utviklar seg i feil retning. Denne fangstlokaliteten skal berre brukast til dette formålet, seks timar pr. gong, helst frå soloppgang. Lydfangst er ikkje tillate. Dessutan bør lokaliteten vere trygg for fysisk forandring, og at drift av prosjektet er sikra for lang tid framover. Eit anna krav er at biotopen ligg minst 500 meter frå andre fangstplassar. Formålet med CES-fangst er ikkje å ringmerke mest mogeleg fuglar på kortast mogeleg tid, men å få eit bilete av bestanden i området. Ein legg ned mykje tid for vengemåling, veging, aldersbestemming, myting og måling av feitt osv. Det viktigaste av dette er nok forholdet mellom adulte, eitt-årige og unge fuglar.

**CES-lokaliteten på Hareid:** Viser til Rallus 2-3-2008, der ein meir fyldig beskrivelse er gjort. Det kan nemnast her at vi brukar 19 mistnett i ei 171 meters samanhengande rekke. Vegetasjonen er for det meste ein om lag 30 år gammal bjørkeskog som tidlegare var open myr. Fangstplassen er mykje øydelagd pga drenering , oppdyrking og opparbeiding av jordbruksveg, utført av ein gardbrukar på nabostykket. Desse inngrepa har ført til at også fangstlokaliteten er blitt uttørka. Mellom anna raudstilk, enkeltbekkasin og sivsongar er forsvunne.

**Tabell 1: Resultat (Talet på individ fanga kvart år, fordelt på vaksne (ad) og unge (juv)).**

	2008	2008	2009	2009	2010	2010	SUM
ART	Ad	Juv	Ad	Juv	Ad	Juv	
Raudstrupe	3	23	4	22	4	25	81
Svarttrast	9	7	7	4	6	12	45
Kjødmeis	7	11	4	14	4	2	42
Bokfink	8	-	6	7	9	6	36
Lauvsongar	15	3	9	1	5	2	35
Lauvmeis	1	3	-	5	1	3	13
Blåmeis	-	-	5	6	-	1	12
Raudvengtrast	5	1	3	-	2	-	11
Gransongar	2	-	3	-	5	-	10
Munk	3	1	4	1	-	-	9
Måltrast	1	3	1	1	-	2	8
Gråtrast	-	1	3	-	3	-	7
Granmeis	2	1	2	-	2	-	7
Gjerdsmett	1	3	-	1	-	-	5
Stjertmeis	-	-	-	5	-	-	5
Grønsisik	2	-	-	-	2	-	4
Trekrypar	-	-	-	-	-	3	3
Sivsporv	1	1	1	-	-	-	3
Jernsporv	-	-	-	-	2	-	2
Gråflugesnappar	-	-	-	-	2	-	2
Svartkvit flugesnappar	-	-	1	-	1	-	2
Spettmeis	-	1	-	-	-	1	2
Gråsisik	-	-	2	-	-	-	2
Brunsisik	-	1	1	-	-	-	2
Rugde	-	-	1	-	-	-	1
Ringdue	-	-	1	-	-	-	1
Heiplierke	1	-	-	-	-	-	1
Linerle	-	-	-	-	1	-	1
Hagesongar	-	-	-	-	1	-	1
Svartmeis	-	-	-	1	-	-	1
Grønfinnk	-	-	-	1	-	-	1
Dompap	1	-	-	-	-	-	1
<b>Totalt 32 artar</b>	<b>62</b>	<b>60</b>	<b>58</b>	<b>69</b>	<b>50</b>	<b>57</b>	<b>356</b>

**Kommentar til fangsten (sjå tabell 1):**

Den klart vanlegaste arten er **raudstrupen** med 81 ulike individ fanga desse tre åra. Nesten kvar femte fanga fugl er raudstrupe. Minst to par hekka i området, og enkelte hadde kanskje to kull. Talet på ungfuglar og vaksne er overraskande stabilt gjennom desse tre åra.

**Svarttrast, kjøtmeis, bokfink og lauvsongar** stiller i ei klar gruppe nummer to med om lag halvparten av det raudstrupen skiltar med (frå 45 til 35 individ). Ein må heilt ned på 13 individ før neste art (**lauvmeis**) er representert.

Av dei 32 artane som blei fanga inn, blei heile 14 artar fanga berre i ein sesong : Rugde, ringdue, heiplierke, linerle, jernsporv, hagesongar, gråflugesnappar,

svartkvitflugesnappar (same individ, ein hann, fanga to år på rad) stjertmeis, svartmeis, trekrypar, grønfink, gråsisik, dompap. Mange av desse artane blei det fanga berre eitt individ av.

Under CES-fangsten er det kontrollert to fuglar med utanlandsk ring:

- 1) Ein ung svarttrasthann blei ringmerkt 12.10.2007 på Blåvand Fuglestasjon, Jylland, Danmark. Denne blei kontrollert 25.06.2008, 765 km N.
- 2) Ein ung gråtrasthann blei ringmerkt 12.01.2008 i Highland, Skottland. 01.06.2009 var han i CES-området, 758 km NE.
- 3) Ein raudvengtrast med framand Stavanger-ring blei fanga 17.06. 2010. Svar er enno ikkje motteke.

**Tabell 2: Talet på fuglar fanga i kvar periode.**

Periode, dato og klokkeslett	2008	2009	2010
Periode 1: 01-10. mai (05-11)	8	3	6
Periode 2: 11-20. mai (05-11)	17	15	2
Periode 3: 21- 31. mai (16-22)	8	7	2
Periode 4: 01.10. juni (04-10)	15	16	18
Periode 5: 11-20. juni (03.30-09.30)	11	28	15
Periode 6: 21-30. juni (03.30-09.30)	30	19	8
Periode 7: 01-10. juli (03.30-09.30)	12	21	20
Periode 8: 11-20. juli (03.30-09.30)	30	18	18
Periode 9: 21 -31. juli (04-10)	7	6	14
Periode 10: 01-10. august (04.15-10.15)	4	14	10
Periode 11: 11-20. august (04.30-10.30)	7	3	8
Periode 12: 21. 31. august. (05-11)	6	6	5

Tabell 2 viser tydeleg at i periode 1 er det tidleg i sesongen. Mange av artane er enno ikkje komne. Periode 3 bør sjåast vekk frå i den samanheng, for då foregår fangsten om ettermiddagen, og fangstbiletet er annleis enn om morgonen. Det bør fangast til same klokkeslett i same periode for kvart år, for det blir etterstreba at det skal vere så likt som mogeleg frå år til år. Vi ser elles at der er mest fugl i området i juni og fram til midten av juli. Etter det går talet sterkt ned. Enkelte artar begynner då på trekket (f.eks. lauvsongar) og forsvinn frå området, medan vaksnefuglane begynner på mytinga, og held seg tydelegvis meir i ro.